



Arkivnr: 2015/9420-59
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING AV DROSJELØYVE I BERGEN KØYREOMRÅDE - JANUAR 2016

Samandrag

Ved denne tildelinga er det 6 ledige drosjeløyve. I følgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 20.01.2016 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 16.10.2015.

I følgje gjeldane regelverk må søkjarar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar. Dei av søkjarane som på tildelingstidspunktet ikkje har dokumentert desse krava, vil ikkje få tildeling. Desse kvalifikasjonane må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn.

Dei av søkjarane som ikkje oppfyller kravet om å ha minst 2 års ansiennitet, er strokne av lista.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 20.01.2016 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

vedtak

1. R- 018 til Andre Petersen
2. R- 414 til Gusin Tunaj
3. R- 506 til Yildray Danaci
4. R- 548 til Tore Johan Brynjulfsen
5. R- 624 til Dag Roar Hoshovde
6. R- 654 til Salam Al-Aama

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 20.01.2016

1. Bakgrunn:

Ved denne tildelinga er det 6 ledige drosjeløyve. I følgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 20.01.2016 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 16.10.2015.

I følgje gjeldane regelverk må søkjarar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar. Dei av søkjarane som på tildelingstidspunktet ikkje har dokumentert desse krava, vil ikkje få tildeling. Desse kvalifikasjonane må oppfyllast før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn.

Dei av søkjarane som ikkje oppfyller kravet om å ha minst 2 års ansiennitet, er strokne av lista.

Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 20.04.2015 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.

2. Lovheimel

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllast før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Andre Petersen har fått godkjend ei samla ansiennitet på 10 år, 7 månader og 13 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 16.10.2015. Andre Petersen har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest, økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-018 til Andre Petersen.

Gusin Tunaj har fått godkjend ei samla ansiennitet på 9 år, 10 månader og 14 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 16.10.2015. Gusin Tunaj har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest, økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter

å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-414 til Gusin Tunaj.

Yildiray Danaci har fått godkjend ei samla ansiennitet på 9 år, 9 månader og 29 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 16.10.2015. Yildiray Danaci har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest, økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-506 til Yildiray Danaci.

Tore Johan Brynjulfsen har fått godkjend ei samla ansiennitet på 8 år, 7 månader og 18 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 16.10.2015. Tore Johan Brynjulfsen har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest, økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-548 til Tore Johan Brynjulfsen.

Dag Roar Hoshovde har fått godkjend ei samla ansiennitet på 4 år, 3 månader og 20 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 16.10.2015. Dag Roar Hoshovde har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest, økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-624 til Dag Roar Hoshovde.

Salam Al-Aama har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 1 månader og 28 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 16.10.2015. Salam Al-Aama har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest, økonomisk garantierklæring og vitnemål frå drosjeløyvekurset. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-654 til Salam Al-Aama.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyva innan **20. april 2016**